



Naturvernforbundet i Møre og Romsdal

Tingvoll, 19. august 2015

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

KLAGE – AVSLAG PÅ KRAV OM MILJØINFORMASJON

Saka har ref. 2014/1668 i Fræna kommune.

Naturvernforbundet har ved brev av 16.6.2015 til Fræna kommune, med heimel i miljøinformasjonslova, bedt om ein del opplysningar. Vi har ikkje mottatt svar.

Vi viser til miljøinformasjonsloven § 15, første ledd, der det står at manglande svar etter to månader skal reknast som avslag, og at avslag kan påklagast. Naturvernforbundet klagar med dette på avslaget om miljøinformasjon.

Vi gjer merksam på at vi har sendt klage 24.7.2015 på andre spørsmål som er knytt til denne saka, som kommunen heller ikkje har svara på.

Miljødirektoratet og Klima- og miljødepartementet er tidlegare orientert om kravet etter miljøinformasjonslova og får difor kopi også av klaga.

Med vennleg helsing

Øystein Folden
leiar i Naturvernforbundet i Møre og Romsdal

Vedlegg: Brev av 8.5.2015

Kopi:
Miljødirektoratet
Klima- og miljødepartementet
Fræna kommune

Naturvernforbundet i Møre og Romsdal
v/Øystein Folden, 6630 TINGVOLL
Telefon 918 12 542 – epost moreromsdal@naturvernforbundet.no – internett
www.naturvernforbundet.no/mr